




Møre og Romsdal
fylkeskommune

Arkeologisk rapport 2024

Reguleringsplan for Hendneset næringsområde

Henda, gbnr. 78/17 m. fl. i Averøy kommune

Signe Marie Midtgård



Innholdsliste

Forord	4
1. Samandrag	6
2. Bakgrunn	7
2.1 Tiltaket	7
2.2 Tidlegare funn frå nærområdet	9
3. Området	11
4. Strategi og metode	14
4.1 Visuell overflaterregistrering	14
4.2 Maskinell sjakting	14
5. Undersøkinga	15
5.1 Sjakter	19
5.2 Dokumentasjon	20
6. Resultat og konklusjon	21
7. Litteraturliste	22
8. Vedlegg	23

Figurliste

Figur 1. Kronologiske periodar.....	5
Figur 2. Plankart.....	7
Figur 3. Kart som viser tiltaket og området.....	8
Figur 4. Kart over nærområdet og kjente kulturminneverdiar.....	9
Figur 5. Oversiktskart.....	11
Figur 6. Flyfoto.....	12
Figur 7. Strandlinekurve for Hendneset i Averøy kommune etter skjema utarbeida av David N. Simpson, mars 2001 (jf. Svendsen & Mangerud 1987, Bondevik, Svendsen og Mangerud 1998).....	13

Figur 8. Ein del av planområdet i nord.....	15
Figur 9. Ein del av planområdet i nord.....	16
Figur 10. Ein del av planområdet i sør.....	16
Figur 11. Ein del av planområdet i sør.....	17
Figur 12. Sjakting i den nordlege delen av planområdet.....	17
Figur 13. Moderne grøft som er godt synleg i den nordlege delen av planområdet.....	18
Figur 14. Ein del av planområdet i sør, med sjakt 10 og 11.....	18
Figur 15. Kart over alle sjaktene, med nummer.	19
Figur 16. Sjakt 4, mot sørvest.....	20

Forord

Eit *kulturminne* er eit spor etter menneskeleg liv og virke i vårt fysiske miljø, som til dømes ein bygning, ein veg, eit gravminne, ein steinalderbuplass, ei kokegrop eller eit jarnvinneanlegg. Det kan også vere stader det knyter seg historiske hendingar, tru eller tradisjonar til. Kulturminna representerer både uerstattelige kjelder til kunnskap om fortidige samfunn, og ein ressurs for oppleving og bruk – i dag og i framtida.

Kulturminne frå forhistorisk tid og mellomalder (eldre enn 1537) er *automatisk freda* i kraft av sin høge alder, jf. kulturminnelova § 4. Frå tida før skriftlege kjelder, er dei materielle leivningane dei einaste kjeldene til å forstå menneska og det samfunnet dei levde i.

Kulturminne frå nyare tid (yngre enn 1536) kan også ha høg verdi. Særleg verdifulle kulturminne kan bli *vedtaksfreda*, jf. kulturminnelova §§ 15 og 19. Alle type kulturminne og kulturmiljø kan dessutan bli verna som omsynssonar, jf. plan- og bygningslova § 11-8.

Då berre eit fåtal av alle kulturminne er kjent, er kulturminneforvaltninga avhengig av arkeologiske registreringar for å kunne uttale seg til plan- og byggjesaker, jf. kulturminnelova §§ 8 og 9. Ved eventuelle funn av automatisk freda kulturminne, kan søkar anten forsøke å tilpasse planane slik at desse ikkje kjem i konflikt med tiltaket, eller søke om dispensasjon frå lovverket. Ved eit eventuelt dispensasjonsvedtak kan det bli stilt vilkår om arkeologisk utgraving før iverksetting av tiltaket, for slik å sikre at kunnskapen ikkje går tapt for framtidige generasjonar.

Hovudperiode	Underperiodar	14C-år (før notid)	Kalenderår
Eldre steinalder	Tidlegmesolitikum	10020 – 8900 b.p.	9500 – 8000 f.Kr.
	Mellommesolitikum	8900 – 7690 b.p.	8000 – 6500 f.Kr.
	Seinmesolitikum	7690 – 5230 b.p.	6500 – 4000 f.Kr.
Yngre steinalder	Tidlegneolitikum	5230 – 4700 b.p.	4000 – 3300 f.Kr.
	Mellomneolitikum A	4700 – 4100 b.p.	3300 – 2600 f.Kr.
	Mellomneolitikum B	4100 – 3800 b.p.	2600 – 2300 f.Kr.
	Seinneolitikum	3800 – 3500 b.p.	2300 – 1800 f.Kr.
Bronsealder	Eldre bronsealder	3500 – 2900 b.p.	1800 – 1100 f.Kr.
	Yngre bronsealder	2900 – 2440 b.p.	1100 – 500 f.Kr.
Eldre jernalder	Førromersk jernalder	2440 – 2010 b.p.	500 f.Kr. – 0
	Eldre romartid	2010 – 1840 b.p.	0 – 200 e.Kr.
	Yngre romartid	1840 – 1680 b.p.	200 – 400 e.Kr.
	Folkevandringstid	1680 – 1500 b.p.	400 – 570 e.Kr.
Yngre jernalder	Merovingartid	1500 – 1210 b.p.	570 – 780 e.Kr.
	Vikingtid	1210 – 1000 b.p.	780 – 1030 e.Kr.
Mellomalder	Mellomalder		1030 – 1536 e.Kr.
Nyare tid	Nyare tid		1537 e.Kr. –

Figur 1. Kronologiske periodar.

1. Samandrag

Denne arkeologiske undersøkinga vart føreteke på Henda gbnr. 78/17 m. fl. i Averøy kommune, i samband med oppstart av detaljregulering for å avklare arealbruken for føreseieleg framtidig vekst for Pure Norwegian Seafood sitt anlegg.

Feltarbeidet vart utført av Signe Marie Midtgård i perioden 13.-14. november 2023.

Sakshandsamar var Carl Fredrik Wahr-Hansen Vemmestad. Rapporten vart skrive ferdig 28. august 2024. Totalt vart det brukt 5,93 dagsverk på saka.

Av metodar vart det brukt visuell overflateregistrering og maskinell sjakting.

Det vart ikkje gjort funn av automatisk freda kulturminne.

2. Bakgrunn

Bakgrunnen for denne arkeologiske registreringa er oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan for gbnr. 78/151 og 78/177 på Hendneset i Averøy kommune.

Føremålet med registreringa var å undersøke forholdet mellom planarbeidet og eventuelle automatisk freda kulturminne, jf. § 9 i kulturminnelova av 9. juni 1978.

2.1 Tiltaket


Bakgrunnen for plana er eit ønske om å avklare arealbruken for føreseieleg framtidig vekst for Pure Norwegian Seafood sitt anlegg. Arealføremålet vil vere næring, herunder fiskeslakteri og fisketilverking.



Figur 2. Planavgrensning Hendneset næringsområde, markert med sort stiplet linje. Ikon Arkitekt & Ingeniør AS.


Figur 2. Plankart.

Før planarbeidet kunne godkjennast vart det stilt krav om arkeologisk registrering, fordi det er funne fleire spor etter gammal gardsbusetting, mellom anna eit større gravfelt 500 meter sør for planområdet, på Henden.



Figur 3. Kart som viser tiltaket og området.

2.2 Tidlegare funn frå nærområdet



Figur 4. Kart over nærområdet og kjente kulturminneverdiar.

Ei oversikt over freda kulturminne er å finne på www.kulturminnesok.no, eller som WMS-teneste i andre nettportalar (f.eks. www.gislink.no).

Omtrent 500 m sør for planområdet ligg det to gravminne med ID 92273 og 92274. Det ligg også ei gravrøys på Nautskjærflua omtrent ein kilometer sør for planområdet, og tre steinalderbuplassar litt over ein kilometer sørvest for planområdet. Lenger vest på Henda finst det også fleire andre automatisk freda kulturminne.

Ei oversikt over gjenstandar som er innlevert til museum er tilgjengeleg på <https://www.unimus.no/portal/#/>. Ein del av desse er også kartfesta og fotografert.


Det ligg 860 treff på gjenstandar levert inn frå gardsnummer 78 Henda i Unimus. Desse finn ein ved å søke på gardsnummer 78 Averøy kommune i Unimusportalen. Dei fleste av desse er steinalderfunn, men der er også mellom anna ein kniv med museumsnr. T19271b, som er funne i ei grav frå vikingtida.

Ei oversikt over ein del verneverdige bygningar og andre byggverk frå nyare tid er å finne i det såkalla SEFRAK-registeret. Dette er tilgjengeleg som WMS-teneste, blant anna på www.gislink.no.


Like utanfor planområdet i nord ligg det ei SEFRAK-registrert stue med SEFRAK-nr. 15540013001, som skal vere frå første kvartal av 1700-talet. Det ligg ikkje andre SEFRAK-registrerte bygningar i umiddelbar nærleik til planområdet.

3. Området

Planområdet ligg på Hendneset langt mot nord i Averøy kommune. Det består for det meste av dyrka mark, som skrånar slakt ned mot sjøen. Planen er på 107,7 daa. Av dette er 24,7 daa på lad, og 83 daa i sjø.




Figur 5. Oversiktskart.



Figur 6. Flyfoto.

Som følgje av havstigning (transgresjon) og landheving (regresjon) har havnivået endra seg gjennom hele førhistoria. Då isen byrja å smelte etter siste istid steig havet relativt raskt, men samtidig byrja også landet å heve seg på grunn av mindre trykk frå isen. Resultatet vart ein påfølgande regresjon. I Møre og Romsdal ligg dei førhistoriske strandlinene derfor generelt høgare enn dagens havnivå, men utviklinga er forskjellig frå område til område.

David Simpson ved Bergen museum har utarbeida eit program som gjer det mogleg å skrive ut lokale strandforskyvingsdiagram. Kurvane er basert på arbeid av Stein Bondevik, John Inge Svendsen og Jan Mangerud frå 1998. Om en går ut i frå at fangstfolk i steinalderen busette seg nær sjøen, kan lokale strandlinekurver bære nyttast til å vurdere funnpotensial i eit område og til å datere eventuelle funn.



Figur 7. Strandlinjekurve for Hendneset i Averøy kommune etter skjema utarbeida av David N. Simpson, mars 2001 (jf. Svendsen & Mangerud 1987, Bondevik, Svendsen og Mangerud 1998).

4. Strategi og metode

Strategi og metode vart valt ut frå terreng, arealbruk og vegetasjon i området.

Fordi den delen av planområdet som ligg på land bestod av dyrka mark, vart den undersøkt ved maskinell sjakting.

4.1 Visuell overflateregistrering

Metoden inneber at markoverflata blir registrert for å påvise funn av tufter, gravminne, dyrkingsspor osv. Grunnen blir sondert ved hjelp av sonderingsbor, ei ca. 1 meter lang metallstong der det er frest ut eit spor som gjer det mogleg å ta ut ein profil av grunnen der ein stikk. Ved moglege funn blir det gjerne opna ei sjakt eller eit prøvestikk for å påvise eldstader, golvnivå, dyrkingslag el. l., avgrense kulturminna, og eventuelt ta ut kolprøver for datering.

4.2 Maskinell sjakting

Metoden inneber at ein nyttar gravemaskin med flatt graveskjær/pusseskjær til forsiktig å skrape av det øvste matjordslaget. Spor etter blant anna eldstader og stolpehol etter hus er ofte synlege i den sterile grunnen under. Sjaktene har ei breidde på om lag 3 meter. Ved undersøking av større område blir sjaktene lagt parallelt, med innbyrdes avstand på om lag 10–15 meter.

5. Undersøkinga

Registreringsarbeidet vart utført av Signe Marie Midtgård i perioden 13.-14. november 2023, og utgjorde totalt 2,6 dagsverk. Maskinførar var Odd Møyholm, frå Gustad Maskin og Transport, som stilte med ei 8 tonns gravemaskin med ei ca. 100 cm brei pusseskuff.

Vêret var fint, med sol, klår himmel og rundt 0 grader.



Figur 8. Ein del av planområdet i nord.



Figur 9. Ein del av planområdet i nord.



Figur 10. Ein del av planområdet i sør.



Figur 11. Ein del av planområdet i sør.



Figur 12. Sjakting i den nordlege delen av planområdet.



Figur 13. Moderne grøft som er godt synleg i den nordlege delen av planområdet.




Figur 14. Ein del av planområdet i sør, med sjakt 10 og 11.

5.1 Sjakter

Det vart totalt opna 11 sjakter innanfor planområdet. Alle var negative.

Undergrunnen i området var prega av mange moderne grøfter og veiter, samt ein god del høgspenkablar og vassrør. Matjorda var 25–40 cm djup, og undergrunnen bestod for det meste av sand og mykje stein. I nordvest var det ein del myrjord over sanda. Sjå fig. 16 under for eit typisk døme på undergrunnen.



Figur 15. Kart over alle sjaktene, med nummer.



Figur 16. Sjakt 4, mot sørvest.

5.2 Dokumentasjon

Sjakter og prøvestikk vart fotografert og kartfesta. Det vart brukt eit Samsung Galaxy XCover Pro mobilkamera, og tatt 65 bilete. Dei er sortert, merka og arkivert ved bruk av Fotostation (sjå vedlegg 1).

Kartfestinga vart gjort av Signe Marie Midtgård, ved bruk av CPOS og applikasjonen FieldMaps. Kartfestingane er omarbeidd ved hjelp av ArcGIS Pro.

6. Resultat og konklusjon

All dyrka mark i planområdet er registrert jf. kulturminnelova § 9.

Av metodar vart det både nytta visuell overflateregistrering og maskinell sjakting.

Undersøkinga resulterte ikkje i funn av nye automatisk freda kulturminne. Dette kan vere fordi store delar av området var påverka av moderne grøfter, kablar og rør.

7. Litteraturliste

Bondevik, S., J. I. Svendsen & J. Mangerud 1998: Distinction between the Storegga tsunami and the Holocene marine Transgression in the coastal basin deposits of western Norway, *Journal of Quaternary Science*, 13(6): 529–537.

GISLink karttjeneste: <http://www.gislink.no/gislink/index.jsp>

Helskog, K., S. Indrelid & E. Mikkelsen 1976: Morforlogisk klassifisering av slåtte steinartefakter. *Universitetets Oldsaksamling Årbok 1972 – 74*, Oslo.

Riksantikvarens kulturminnedatabase Askeladden: <http://askeladden.ra.no>

Simpson, D. N. 2001: Excel spreadsheet prepared March 2001

Svendsen, J. I & J. Mangerud 1987: Late Weichselian and Holocene sea-level history for a cross-section of Western Norway, *Journal of Quaternary Science*, 2:113–132.

Tilvekst: *Tilveksten til arkeologisk avdeling, Vitenskapsmuseet. Elektronisk versjon.* I åra 1871–1981 har dei årlege tilvekstskildringane til den arkeologiske samlinga på Vitenskapsmuseet blitt utgitt i trykt form i forskjellige tidsskrift, henholdsvis årsberetningane til "Foreningen til norske fortidsmindesmerkers Bevaring", "Det kgl. norske videnskabers selskabs Skrifter" samt årbøker og årsberetningar til "Det kongelige norske videnskabers Selskab". Tekstdelen av tilvekstkatalogane frå 1871–1981 har, som ein del av Dokumentasjonsprosjektet og Museumsprosjektet, blitt konvertert til elektronisk form.

Universitetsmuseenes arkeologiske gjenstandsamlingar:

<http://www.unimus.no/portal/#/>

8. Vedlegg

1. Fotoliste

	Hendneset næringspark 001.jpg Dato: 13.11.2023 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 78 Kommune: Averøy	Beskrivelse: En del av planområdet i nord. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Hendneset næringspark 002.jpg Dato: 13.11.2023 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 78 Kommune: Averøy	Beskrivelse: En del av planområdet i nord. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Hendneset næringspark 003.jpg Dato: 13.11.2023 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 78 Kommune: Averøy	Beskrivelse: En del av planområdet i nord. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Hendneset næringspark 004.jpg Dato: 13.11.2023 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 78 Kommune: Averøy	Beskrivelse: En del av planområdet i nord. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Hendneset næringspark 005.jpg Dato: 13.11.2023 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 78 Kommune: Averøy	Beskrivelse: SEFRAK-registrert bygning like utenfor planområdet. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Hendneset næringspark 006.jpg Dato: 13.11.2023 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 78 Kommune: Averøy	Beskrivelse: En del av planområdet i nord. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Hendneset næringspark 007.jpg Dato: 13.11.2023 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 78 Kommune: Averøy	Beskrivelse: En del av planområdet i nord. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Hendneset næringspark 008.jpg Dato: 13.11.2023 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 78 Kommune: Averøy	Beskrivelse: En del av planområdet i nord. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Hendneset næringspark 009.jpg Dato: 13.11.2023 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 78 Kommune: Averøy	Beskrivelse: En del av planområdet i nord. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Hendneset næringspark 010.jpg Dato: 13.11.2023 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 78 Kommune: Averøy	Beskrivelse: En del av planområdet i nord, med sjakt 8 i forgrunnen. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Hendneset næringspark 011.jfif Dato: 13.11.2023 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 78 Kommune: Averøy	Beskrivelse: Sjakt 2. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:

	Hendneset næringspark 012.jfif Dato: 13.11.2023 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 78 Kommune: Averøy	Beskrivelse: Sjakt 4. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Hendneset næringspark 013.jfif Dato: 13.11.2023 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 78 Kommune: Averøy	Beskrivelse: Sjakt 5, sett mot SV. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Hendneset næringspark 014.jfif Dato: 13.11.2023 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 78 Kommune: Averøy	Beskrivelse: Sjakt 7. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Hendneset næringspark 015.jfif Dato: 13.11.2023 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 78 Kommune: Averøy	Beskrivelse: Sjakt 8, sett mot N. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Hendneset næringspark 016.jfif Dato: 13.11.2023 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 78 Kommune: Averøy	Beskrivelse: Sjakt 8, sett mot S. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Hendneset næringspark 017.jpg Dato: 13.11.2023 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 78 Kommune: Averøy	Beskrivelse: En del av planområdet i sør. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Hendneset næringspark 018.jpg Dato: 13.11.2023 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 78 Kommune: Averøy	Beskrivelse: En del av planområdet i sør. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Hendneset næringspark 019.jpg Dato: 13.11.2023 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 78 Kommune: Averøy	Beskrivelse: En del av planområdet i sør. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Hendneset næringspark 020.jpg Dato: 13.11.2023 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 78 Kommune: Averøy	Beskrivelse: En del av planområdet i sør. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Hendneset næringspark 021.jpg Dato: 13.11.2023 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 78 Kommune: Averøy	Beskrivelse: En del av planområdet i sør. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Hendneset næringspark 022.jpg Dato: 13.11.2023 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 78 Kommune: Averøy	Beskrivelse: En del av planområdet i sør. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:

	Hendneset næringspark 023.jpg Dato: 13.11.2023 Kulturminne-ID: 78 Gårdsnummer: 78 Kommune: Averøy	Beskrivelse: En del av planområdet i sør. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Hendneset næringspark 024.jpg Dato: 13.11.2023 Kulturminne-ID: 78 Gårdsnummer: 78 Kommune: Averøy	Beskrivelse: En del av planområdet i sør. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Hendneset næringspark 025.jpg Dato: 13.11.2023 Kulturminne-ID: 78 Gårdsnummer: 78 Kommune: Averøy	Beskrivelse: En del av planområdet i sør. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Hendneset næringspark 026.jpg Dato: 13.11.2023 Kulturminne-ID: 78 Gårdsnummer: 78 Kommune: Averøy	Beskrivelse: En del av planområdet i sør. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Hendneset næringspark 027.jpg Dato: 13.11.2023 Kulturminne-ID: 78 Gårdsnummer: 78 Kommune: Averøy	Beskrivelse: Den nordlige delen av planområdet. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Hendneset næringspark 028.jpg Dato: 13.11.2023 Kulturminne-ID: 78 Gårdsnummer: 78 Kommune: Averøy	Beskrivelse: Den nordlige delen av planområdet. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Hendneset næringspark 029.jpg Dato: 13.11.2023 Kulturminne-ID: 78 Gårdsnummer: 78 Kommune: Averøy	Beskrivelse: Den nordlige delen av planområdet. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Hendneset næringspark 030.jfif Dato: 13.11.2023 Kulturminne-ID: 78 Gårdsnummer: 78 Kommune: Averøy	Beskrivelse: Sjøkt 9, sett mot nord. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Hendneset næringspark 031.jfif Dato: 14.11.2023 Kulturminne-ID: 78 Gårdsnummer: 78 Kommune: Averøy	Beskrivelse: Sjøkt 9, sett mot sør. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Hendneset næringspark 032.jpg Dato: 14.11.2023 Kulturminne-ID: 78 Gårdsnummer: 78 Kommune: Averøy	Beskrivelse: Den nordlige delen av planområdet. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Hendneset næringspark 033.jpg Dato: 14.11.2023 Kulturminne-ID: 78 Gårdsnummer: 78 Kommune: Averøy	Beskrivelse: En del av planområdet i nord. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:

	Hendneset næringspark 034.jpg Dato: 14.11.2023 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 78 Kommune: Averøy	Beskrivelse: Moderne grøft synes godt i den nordlige delen av planområdet. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Hendneset næringspark 035.jpg Dato: 14.11.2023 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 78 Kommune: Averøy	Beskrivelse: Moderne grøft synes godt i den nordlige delen av planområdet. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Hendneset næringspark 036.jpg Dato: 14.11.2023 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 78 Kommune: Averøy	Beskrivelse: En kum i den nordlige delen av planområdet. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Hendneset næringspark 037.jpg Dato: 14.11.2023 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 78 Kommune: Averøy	Beskrivelse: To kummer i den nordlige delen av planområdet. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Hendneset næringspark 038.jpg Dato: 14.11.2023 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 78 Kommune: Averøy	Beskrivelse: En del av planområdet i nord. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Hendneset næringspark 039.jpg Dato: 14.11.2023 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 78 Kommune: Averøy	Beskrivelse: En del av planområdet i nord. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Hendneset næringspark 040.jpg Dato: 14.11.2023 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 78 Kommune: Averøy	Beskrivelse: En del av planområdet i nord. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Hendneset næringspark 041.jpg Dato: 14.11.2023 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 78 Kommune: Averøy	Beskrivelse: En del av planområdet i nord. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Hendneset næringspark 042.jpg Dato: 14.11.2023 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 78 Kommune: Averøy	Beskrivelse: En del av planområdet i nord. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Hendneset næringspark 043.jfif Dato: 13.11.2023 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 78 Kommune: Averøy	Beskrivelse: Sjakt 11. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Hendneset næringspark 044.jfif Dato: 13.11.2023 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 78 Kommune: Averøy	Beskrivelse: Sjakt 10. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:

	Hendneset næringspark 045.jpg Dato: 14.11.2023 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 78 Kommune: Averøy	Beskrivelse: En del av planområdet i sør. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Hendneset næringspark 046.jpg Dato: 14.11.2023 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 78 Kommune: Averøy	Beskrivelse: En del av planområdet i sør. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Hendneset næringspark 047.jpg Dato: 14.11.2023 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 78 Kommune: Averøy	Beskrivelse: En del av planområdet i sør. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Hendneset næringspark 048.jpg Dato: 14.11.2023 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 78 Kommune: Averøy	Beskrivelse: En del av planområdet i sør. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Hendneset næringspark 049.jpg Dato: 14.11.2023 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 78 Kommune: Averøy	Beskrivelse: Den nordlige delen av planområdet. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Hendneset næringspark 050.jpg Dato: 14.11.2023 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 78 Kommune: Averøy	Beskrivelse: En del av planområdet i nord. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:
	Hendneset næringspark 051.jpg Dato: 14.11.2023 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 78 Kommune: Averøy	Beskrivelse: En del av planområdet i nord. Fotograf: Signe Marie Midtgård Nøkkelord:



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Postboks 2500, 6404 Molde
Julsundvegen 9, 6412 Molde
Tlf. 71 28 00 00
E-post: post@mrfylke.no
mrfylke.no